

Konsekvensutreiing av å ta bort den fylkeskommunale løyvinga til tilskot til elevorganisasjonar

Hovudsakeleg går støtta frå fylkeskommunen til Elevorganisasjonen i Sogn og Fjordane til forskjellige arrangement som elevar i Sogn og Fjordane deltek på. Det er arrangement som får fram dei politiske meiningane til ungdom i Sogn og Fjordane, rett frå grasrota. Det er og arrangement som gjev elevar meir kompetanse innanfor forskjellige områder, som for eksempel retorikk, debatteknikkar, møtereglar og forskjellige organisatoriske delar som er nyttige å ha med seg vidare i arbeidslivet og i det private.

Fylkesstyret i Sogn og Fjordane består av elevar som brukar fritida si på å gjere eit arbeid for alle elevar i Sogn og Fjordane, gjennom å arrangere seminar, dra i møte og skulere elevar og elevråd. Alt er basert på frivilligheit og ingen vert lønna. Alt av støtte går til arbeid for elevane i Sogn og Fjordane. Fylkesstyret er og eit bindeledd med resten av Noreg sine mest engasjerte ungdom. Som fylkesstyremedlem får du reise på nasjonale arrangement der resten av dei tillitsvalde møtast og diskuterer, lærer og blir engasjerte saman.

Forskjellige arrangement som vi arrangerer er:

- **Elevforsamlingar:**
Største politiske talerøyr mellom to årsmøter. Her møtast alle skulane representert med elevrådsleiar eller nokon andre frå elevrådet eller skulen. Her har elevar sjansen til å påverke korleis vi gjer arbeidet og kva vi seier til politikarane og media. Ofte tek vi opp lokale spørsmål som skulestruktur og andre høyringar fylkesskommunen kjem med. Her kjem medlemsskulane med ei felles røyst og fortel korleis elevane i Sogn og Fjordane vil at skulen skal vere. Uten midlar eller støtte kjem arbeidet med å arrangere eit sånt seminar til å vere vanskeleg. Vi er avhenging av å tilby refusjon av reise, slik at elevane ikkje sjølv tapar pengar på å kome. Elevane har også moglegheit til å høyre korleis dei andre skulane driv elevrådet, og på den måten får tips til korleis dei kan gjere sitt arbeid.
- **Regionale Seminar:**
Region vest (Hordaland, Rogaland og SF) har eit helgeseminar der ein innviterer alle skulane i regionen på eit møte der dei blir skulert, og får kome med si politiske meining. Det er og eit erfaringsutvekslande arrangement, i tillegg til ein arena der ein kan knyte band på tvers av fylkesgrensene.
- **Årsmøte:**
Vi vedtar ny politikk (politisk måldokument), nye vedtekter og eit nytt arbeidsprogram. Alle desse grunndokumenta er det elevane som sjølv bestemmer, og vi får arbeide med majoriteten av ungdom i Sogn og Fjordane sine viktigaste saker. Vi vel og eit nytt fylkesstyre der dei som er ekstra engasjert får ein sjanse til å jobbe meir med politikk og organisatorisk arbeid på deltid.

Alle disse arrangementa er lavterkskeltilbod til elevar som ynskjer å engasjere seg i elevrådsarbeid og skulepolitikk generelt.

Hovudkonsekvensar av å fjerne driftstøtta til EOSF:

- Kan ikkje avhalde nødvendige arrangement
- Sogn og Fjordane vil miste engasjert ungdom
- Får ikkje reist til skular og halde foredrag, og oppretthalde det nære forholdet vi som organisasjon har med grasrota.
- Får ikkje deltatt på nasjonale arrangement innad i organisasjonen

Fleire skular i Sogn og Fjordane har i fleire år ikkje hatt eit velfungerande elevråd. Det finnest fleire og omfattande grunnar til kvifor eit elevråd ikkje fungerer optimalt. Støtte i frå Elevorganisasjonen til å gjere arbeidet er høgt verdsett, og er ein faktor som kan snu trenden.

Rundt om i fylket finnest mange engasjerte ungdomar som vil bidra til å betre skulekvardagen. Diverre veit ikkje alle om Elevorganisasjonen, langt mindre om fylkeslaget. Dersom vi hadde moglegheita til å nå ut til endå fleire av desse ungdomane, kunne det resultert i mange gode ringverknadar.

Fylkesstyret jobbar for alle elevane i frå ungdomstrinnet og opp, samt lærlingar. Elevane som sit i fylkesstyret kjem i frå heile fylket og er ein gjeng samansett av ungdomar som saman er stemma til alle elevane i fylket. Det er viktig at alle elevar vert høyrd i saker som omhandlar dei og deira kvardag.

No er Elevorganisasjonen i Sogn og Fjordane på veg opp igjen, etter eit par vanskelege år. Fylkesstyret har i fleire periodar jobbar hardt for å få drifta opp å gå. Om driftstøtta frå fylkeskommunen forsvinn vert vi nøydde til å prioritere tida vår heilt annleis. Det vert viktigare å finne nye måtar å finansiere drifta på, enn å arrangere seminar og dra i møte med politikarar. Etter mi meining er dette feil, og eit langt steg i gal retning.

Helsing,

Thea Lovise Sør fonden Vie

Leiar i Elevorganisasjonen i Sogn og Fjordane